



John S. Paulsen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/655 - 15/5117

Saksbehandlar:

Bjarte Buanes

bjarte.buanes@meland.kommune.no

12.03.2015

## Førebels svar på førespurnad om møte om planlagde byggjetiltak på gbnr. 51/145 i Meland kommune

Det vert vist til dykkar e-post til Meland kommune av 10. dm.

Kommunen si byggjesaksavdeling kan på førespurnad gi generell orientering om m.a. gjeldande planstatus, aktuelt regelverk og naudsynt søknadsprosess. Dette ligg innanfor kommunen si generelle rettleiingsplikt og kan skje skriftlig, telefonisk eller gjennom eit møte mellom tiltakshavar og kommunen.

Dersom tiltakshavar ønskjer nærmare utgreiing, rettleiing og avklaring av rammar og innhald i eit konkret byggjetiltak frå kommunen si side, kan tiltakshavar eventuelt bestille ein formell førehandskonferanse i samsvar med Plan- og bygningsloven (pbl.) 21-1. I så tilfelle vil administrasjonen førebu saka og deretter innkalle tiltakshavar og eventuelt andre fagmyndigheiter til eit møte for nærmare gjennomgang. Etter konferansen vil du få tilsendt eit oppsummerande referat m.o.t. status og vidare saksgang. Ein førehandskonferanse er ei gebyrlagt teneste som p.t. kostar kr. 3 000,-, jf. Gebyrregulativet (2015) pkt. 10.1.1.

Føremålet med ei førehandskonferanse er altså først og fremst å avklare dei offentlegrettslege føresetnadane for tiltaket og rammene for den vidare handsaminga. Det er derfor viktig at både kommunen og du som tiltakshavar er tilstrekkelig førebudd innan slik konferanse eventuelt vert halde.

På bakgrunn av gjennomgangen over vil eg foreslå at du kontaktar meg for nærmare avtale om tid og tidspunkt, under dette òg om du ønskjer eit møte for generell orientering eller ein førehandskonferanse. Du når meg på tlf. 56171000.

Med venleg helsing

Bjarte Buanes

byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

**Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)



